



Torfinn Myklebust – likevel ikkje partilaus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Politikarveteranen Torfinn Myklebust frå Uskedalen kunngjorde for få dagar sidan at han var partilaus etter eit langt liv i og med Høgre. Men no gjer han kjent at han har meldt overgang til Innbyggjarpartiet.**

Myklebust er ført opp på syttandeplass på lista deira.

Det er på grunn av ynsket om å halda på Sunde som ferjestad at uskedelingen har valt dette nye partiet. Eit fleirtal i kommunestyret har sagt nei til ei vurdering av dette spørsmålet.

Myklebust skal engasjera seg litt i valkampen fordi lysten på politisk arbeid er der framleis. Men han innser at det skal godt gjerast å bli innvalt og peikar på at partiet har to kumulerte på lista.

I det som er att av valperioden sit han i formannskap og kommunestyre utan å vera med i noko parti. Han 'debuterte' utan partitilknytning i formannskapsmøtet onsdag.